

# INKLUDERANDE FRIVILLIGHEIT

## Referat frå innspelsmøte #2, 30.09.21

Arbeidsgruppa: Mona Wiik Jonassen, Bertine Fretheim Neverdal, Ida Norland Hillestad, Marte Tangen.

Frivillige lag: Vang IL, Fjellblom IL, Vang turlag, Vang historielag, Seniordansen, Laget for funksjonshemma, Vang skule- og ungdomskorps, Vang husflidslag, Grindheim Røde Kors besøksteneste, Pensionistlaget/Eldrerådet, Valdresspelet.

Arbeidsgruppa presentert resultata frå innspelsmøtet i mai, og kva arbeidsgruppa har tenkt å jobbe med framover;

1. Felles digital plattform for informasjon på vangivaldres.no, bygd på same leid som bedriftsportalen. God integrasjon mot kalenderen, slik at ein kan klikke seg frå aktivitetar i kalenderen inn på informasjon om laget, og frå laget og ut til aktivitetane dei arrangerer i kalenderen.
2. Videoar frå laga sine aktivitetar – dette kjem vi tilbake til om vi får dei midlane vi har søkt om.
3. Frivilligmarknad i Frivillighetens år 2022

Vi hadde fine diskusjonar i grupper, her er eit samandrag av det som kom fram:



### Kva skal til for at ein felles digital plattform blir en suksess?

Og ønskjer de foreningsportalen på vangivaldres.no, eller andre løysingar?

- Gruppa har trua på planen og at foreningsportalen bør ligge på vangivaldres.no
- Bra om all informasjon blir skikkelig bra òin plass og ikkje spreidd rundt på forskjellige stader slik det er no. Kommunen sin nettside bør i så fall linke til portalen.
- Informasjonen må være langsiktig, sleppe å oppdatere den så mye. Nokon sa 'kanskje 1. gong i året', andre er opptatt av at den må kunne oppdaterast kontinuerleg.
- Ein person må halde seg oppdatert på endringar og vidareformidling av informasjonsmalen. Viktig med tydeleg ansvarsfordeling.
- Aktivitetar som ofte gjentar seg årleg - kan det vere ei kolonne med generell info om t.d. vanlige sommar- og vinteraktivitetar? For minst mogleg oppdatering. Same med kalenderen. Ofte har idrettslag faste dagar/tidspunkt kvart år. Dette kan t.d. ligge inne fast i kalenderen.
- Bør ha eit bilde på framsida som viser kva aktiviteten er, ikkje berre logo.
- Lenker til laga sine eigne nettsider.
- Moglegheit for direktemelding til kontaktperson - e-post? SMS? Generere e-postliste?

## Kva må inn i malen for å få tilstrekkelig informasjon?

Arbeidsgruppa presenterte forslag til informasjon som bør vere med, og fleir var foreslått:


- Namn på laget
- Kontaktinfo
- Info om aktivitetane
- Stad
- Målgruppe
- Priser
- Påmeldingsinfo
- Bør kunne ha underkategoriar for dei ulike aktivitetane, som kan avpublicerast/endrast osv separat
- Revidert dato
- Filtrering på type aktivitet osv
- Eige filter for alle aktivitetar som er gratis.
- Lenker til laga sine eigne nettsider / facebooksider / påmeldingsportal



## Kontaktpunkt i kommunen

Vidare spurte vi laga kven dei forheld dei seg til pr i dag, og korleis dette evt kan bli betre? (kommunen, frivilligsentralen, Innovangsjon, vaktmeister osv)

- Nokon synest ikkje dette er utfordrande, andre synest det er mykje å halde styr på
- Greitt å få kontakt med vaktmesiter og få svar på leige. Vi er heldige i forhold til andre plassar der det kostar mykje å leige lokale. Skyss er ei større utfordring.
- Kan det ligge info om kven du skal kontaktar ved ulike behov?
- Kan ein lage ein plass der potensielle frivillige kan melde seg? Om dei t.d vil delta på berre eitt arrangement. For å få de inn.
- Nokon er positive til Innovangsjon som kontaktpunkt. Frivilligsentralen kjennes for nokon meir nært, men det viktigaste er at ein får tilstrekkelig med informasjon, og at det er gode rutinar for når og korleis foreningsportalen skal oppdaterast, og klinkane klart kven som er kontaktperson i ulike saker.
- Fint at frivilligsentralen kan hjelpe laga med marknadsføring osv.
- Ikkje alle er på internett, viktig å finne ei løysning også for dei.



## Korleis bruke frivillighetens år 2022?

Kva har laga lyst til å gjøre for å sette frivillighet på kartet, og kva ønskjer de at kommunen / andre skal bidra med? Vi introduserte med arbeidsgruppa sitt ønske om å arrangere ein frivilligmarknad, der laga får vise fram aktivitetane sine, og publikum kan få direkte kontakt og svar på alle sine spørsmål.

- Mange har ikkje snakka om dette i sine lag enno, men vil tenke litt på kva dei ønsker for frivillighetens år. Positive til frivilligmarknad som ein del av dette.
- Inkluderande frivillighet-prosjektet er en god start.
- Gruppa har trua på frivilligmarknad, god ide!
- Bygge stein for stein – ikkje ta på seg for mykje. Det er betre å gjere éin bra ting, enn å arrangere for mykje og gjere ting halvvegs.
- Ønskjer å rekruttere fleire medlemmar og auke medlemstalet, få med fleire frivillige.
- Prøve å ha større ambisjonar? Hytteeigarar litt ekskludert i frivilligheita/bygdelivet.
- Lite som skjer i helgene. Det som skjer i helger er ofte lite fronta.



## Kva skal til for at frivilligmarknaden blir ein suksess?

- God planlegging – tidleg ute med informasjon til laga. Få fastsatt dato tidleg.
- Laga må ha noko som appellerer til publikum.
- Stille nokon retningslinjer på kva som skal vere på standen – t.d. skilt el.l. slik at alle blir godt synleg, og brosjyre med informasjon
- Teste aktiviteten! T.d ha seniordans, korøving osv i ulike rom.
- Noko å kjøpe, vise frem, prøve/ aktiviteter. Noko utanfor Vangshallen også?
- Viktig med traktering / noko å bite i.
- Ein liten kiosk? At laga kan drifta den sjølv – kanskje nokon ønsker å ta det?
- Korpset kunne jo spilt medan koret syng? Underholdning av noko slag?
- Loddtrekning – høve til å vinne noko? Dette kan trekke folk.
- Ikkje midt i elgjakta. Helg; dagtid; laurdag, en månad der det ikkje skjer så mykje; mars.
- Kanskje ha to marknader i året. For å tilpasse til tidspunktet for alle ulike lag ettersom dei startar opp til forskjellige tider.
- Pass på at det ikkje blir same dato som alt anna.
- Samkjøring, store avstandar her – vi må passe på at alle som ønsker å kome får moglegheit.
- Kanskje få kommunen til å engasjere seg på noko vis? T.d. hjelpe til med å sette opp skyss?

## Er det andre ting du vil arbeidsgruppa skal jobbe med?

Og andre ting som vart diskutert....

- Påminning om booking av hall/ basseng. Ikkje alle som får med seg fristen som står i avis.
- Markedsføringskurs for laga? Få verktøy for å halde kanalane sine oppdatert.
- Går det an å lage eit infohefte for de som ikke er digitale? Ein gang i året t.d.
- Folkeopplysningsrådet?
- Infoskjermar kan nyttast for å nå ut til eldre og andre som ikkje er på nett.
- Positive til at arbeidsgruppa jobbar med frivilligmarknaden.
- Vanskelig å få nye verv. Utfordrande å finne/få andre til å ta over leiarrollen.
- Terskel å bli med på nye aktivitetar. Kunne alle laga ha det slik at det er lov å vere med nokre gonger før ein blir medlem? Minske barriere for å måtte melde seg inn.
- Nokon blir kanskje hindra pga økonomi? Kva kan vi gjere med det?
- Rekruttering skjer ofte ved at folk snakkar saman, laga er veldig glade for dette prosjektet, for å gi alle same moglegheit til informasjon og deltaking.
- Datakurs – manglende datakunnskap skaper ekstra utanforskning. Halde fokus på å også vere tilgjengeleg for dei som ikkje er digitalt sterke
- Må mase på å få tilsendt planforslag som skal på høyring – relevante lag bør stå fast på adresseliste. T.d. universell utforming (Råd for menneske med nedsett funksjonsevne)
- Info om onsdagsdrosja – tidspunkt, kven har ansvar osv.

